

MØTEBOK

Organ	Vestlandsrådet
Møtestad	Quality Hotell, Florø
Møtedato	26.02.2009
Kl.	0900 – 1400

Faste medlemer til stades

Ellen Solheim
Jarle Braut
Ole Ingvaldstad
Janne Johnsen
Gisle Handeland
Mette Holmefjord Olsen
Tom-Charister Nilsen
Torill Selsvold Nyborg
Jon Aasen
Oskar Jarle Grimstad
Olav Bratland
Rigmor Andersen Eide
Gunn Berit Gjerde
Nils R Sandal
Tor Bremer
Mathias Råheim
Elin Merethe Førde

Forfall til møtet:

Tom Tvedt
Terje Søviknes
Heidi-Katrin Osland

Varamedlemer til stades:

Kristine Gramstad
Hilde Kvamsås Aa
Det møtte ikkje varamedlem for Terje Søviknes

Til stades med tale-/framleggsrett:

Fylkesrådmann Jan Øhlckers, Sogn og Fjordane
Fylkesrådmann Paul M. Nilsen, Hordaland
Næringssjef Norvald Skretting, Rogaland
Rådgjevar Olav Brevik, Møre og Romsdal

Sekretariat for møtet:

Else Moen

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tek stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka.

Møtebok frå 3. desember 2008 vart godkjend utan merknader.

OPEN TIME

Vestlandsrådet vedtok samrøystes å sende følgende fråsegn som støtte til Fjord Noreg sin søknad til Norwegian Centre of Expertise:

” Vestlandsrådet er kjent med at ei samla reiselivsnæring på Vestlandet, Fjord Noreg-regionen, Fjord Norway har utarbeida søknaden til NCE-Tourism-Fjord Norway. Vestlandsrådet vil understreke at reiselivsnæringen står sterkt i alle vestlandsfylka, og NCE-Tourism-Fjord Norway vil bety ei ytterlegare styrking av næringen. Vestlandsrådet vil uttale sterkt støtte til søknaden og føreset at innvilgande mynde legg avgjerande vekt på reiselivsnæringa si sterke stilling i regionen og næringa sin vilje til samarbeide om vidare utvikling.”

---- ” ----

Representanten Jarle Braut, Rogaland, sette fram framlegg til fråsegn:

”Etabering av senter for havbasert vindenergi på Karmøy i Rogaland – uttalelse fra Vestlandsrådet:

Det bli i går kjent at Regjering v/Olje- og energidepartementet har sagt nei til å bidra finansielt med kr 30 mill til METSenteret for marin energiproduksjon på Karmøy i Rogaland. Regjeringens nei til finansiell støtte betyr at planene om et slikt senter på Karmøy kan bli skrinlagt.

Vestlandsrådet viser til bl.a. til Klimaforliket og understreker at et slikt kompetansesenter for Havbasert vindteknologi som er planlagt på Karmøy, oppfattes å være meget sentralt for å nå de målsetningar som Klimaforliket legger opp til.

Forsknings- og utviklingsmiljøer på Vestlandet har i fellesskap søkt om fått støtte fra Norges forskningsråd til et Senter for Miljøvennlig Energi (SME). Selv om METSenteret på Karmøy ikke er en absolutt premiss for dette senteret, understreker forskningsmiljøene at det vil være en klar styrke for satsingen dersom METSenteret blir etablert.

Vestlandsrådet vil sterkt anmode regjeringen v/Olje- og energidepartementet om å ta opp spørsmål om bevilgning av finansiell støtte til METSenteret på Karmøy på ny.”

Representanten Torill Selsvold Nyborg, Hordaland, sette fram slikt framlegg til vedtak:

”Inn før siste avsnitt:

Det er sterkt fokus på havenergi i alle Vestlandsfylkene.”

Representanten Gunn Berit Gjerde, Møre og Romsdal, sette fram slikt framlegg til vedtak som innleiing til fråsegna:

” Vestlandsrådet vil støtte økt satsing på havenergi (bølge og vind) for å bedre energitilførselen i Norge og økt verdiskaping med utgangspunkt i miljøteknologi på Vestlandet.”

Avrøysting:

Framlegga frå Jarle Braut, Torill Selsvold Nyborg og Gunn Berit Gjerde vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande vedtak til fråsegn:

Etablering av senter for havbasert vindenergi på Karmøy i Rogaland – uttale frå Vestlandsrådet:

Vestlandsrådet vil støtte økt satsing på havenergi (bølge og vind) for å bedre energitilførselen i Norge og økt verdiskaping med utgangspunkt i miljøteknologi på Vestlandet.

Vestlandsrådet viser til at bl.a til Klimaforliket og understreker at et slikt kompetansesenter for Havbasert vindteknologi som er planlagt på Karmøy oppfattes å være meget sentralt for å nå de målsetningar som Klimaforliket legger opp til.

Det bli i går kjent at Regjering v/Olje- og energidepartementet har sagt nei til å bidra finansielt med kr 30 mill til METSenteret for marin energiproduksjon på Karmøy i Rogaland. Regjeringens nei til finansiell støtte betyr at planene om et slikt senter på Karmøy kan bli skrinlagt.

Forsknings- og utviklingsmiljøer på Vestlandet har i fellesskap søkt om fått støtte fra Norges forskningsråd til et Senter for Miljøvennlig Energi (SME). Selv om METSenteret på Karmøy ikke er en absolutt premiss for dette senteret, understreker forskningsmiljøene at det vil være en klar styrke for satsingen dersom METSenteret blir etablert.

Det er sterkt fokus på havenergi i alle Vestlandsfylkene.

Vestlandsrådet vil sterkt anmode regjeringen v/Olje- og energidepartmentet om å ta opp spørsmål om bevilgning av finansiell støtte til METSenteret på Karmøy på ny.

---- ” ---

Vestlandsrådet konkluderte vidare med at skal vera møte i april på Flesland for å følgje opp NTP, innspel til statsbudsjettet 2010 og evt. regionale forskingsfond/eigarskap i Innovasjon Norge.

SAK 1/09

Felles fylkesutvalsmøte i Bergen 26. og 27. mai 2009 Grunnlag for drøfting av mål, rammer og gjennomføring av møtet

Frå fylkesordføraren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Saka vert teken til drøfting.

Endringsframlegg:

Representanten Tom-Christer Nilsen, Hordaland sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Vestlandsrådet ber om at det vert utarbeidd eit utfordringsnotat som grunnlag for felles fylkesutvalsmøte
2. Det utarbeidast 2 eksemplar på mulige traktatar med forskjellig ansvarsdelegering
3. Det vert lagt opp til at deler av møtet gjennomføres med arbeid i mindre grupper.”

Vestlandsrådet sette fram slikt framlegg til vedtak:

”Som politisk arbeidsgruppe vert valt:

Janne Johnsen, Rogaland

Olav Bratland, Møre og Romsdal

Nils R. Sandal, Sogn og Fjordane

Torill Selsvold Nyborg, Hordaland

Avrøysting:

Framlegget frå representanten Tom-Christer Nilsen og Vestlandsrådet vart samrøystes vedteke. Ingen røysta for tilrådinga får fylkesrådmannen.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Vestlandsrådet ber om at det vert utarbeidd eit utfordringsnotat som grunnlag for felles fylkesutvalsmøte
2. Det utarbeidast 2 eksemplar på mulige traktatar med forskjellig ansvarsdelegering
3. Det vert lagt opp til at deler av møtet gjennomføres med arbeid i mindre grupper.
4. Som politisk arbeidsgruppa blir valt:
Janne Johnsen
Olav Bratland
Nils R. Sandal
Torill Selsvold Nyborg

SAK 2/09

Vestlandsrådet - Budsjett 2009

VEDTAK:

1. Vestlandsrådet set av midlar til følgjande tiltak:
100.000 kr til disposisjon for generelle tiltak/drift av rådet.
200 000 kr. til felles fylkesutvalsmøte.
250.000 kr til "Ekspressbuss Vestlandet".
2. Resten av midlane vert sette av til andre tiltak i regi av Vestlandsrådet, og vil bli fordelte i løpet av året.

SAK 3/09

Vestlandsrådet - Årsmelding og rekneskap 2008

VEDTAK:

Vestlandsrådet godkjenner årsmelding med rekneskap for Vestlandsrådet 2008

SAK 4/09

Høring - Kystruta Bergen - Kirkenes Ny konkurranseutsetting

VEDTAK:

1. Kystruta Bergen – Kirkenes speler ei stor rolle for Vestlandet. Det er viktig å få eit auka fokus på det verdifulle arbeidet som Kystruta representerer både for lokaltrafikk, godstransport og reiselivet på Vestlandet.
2. Vestlandsrådet understrekar at fartøya må tilfredsstille krava til universell utforming, jf. diskrimineringsloven som tok til å gjelde frå 1. januar 2009. Anbudskriteria bør og gje insitamant til å ta i bruk utsleppsreducerande teknologi. I tillegg bør fartøya ha termorom (kjøle-, fryse- og varmekapasitet).
3. Vestlandsrådet viser elles til fråsegnene frå Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

SAK 5/09**Skriv og meldingar**

1. Notat frå fylkesrådmannen datert 03.02.09 vedk.: "Orientering om arbeidet med klimaplanar på Vestlandet."
2. Notat frå fylkesrådmannen datert 02.02.09 vedk.: "Melding om kystskogbruket – Mogeleg vidare oppfølging."

Vestlandsrådet valde Jan Magne Dahle som politisk representant i arbeidet med oppfølging av meldinga saman med Landsdelsutvalget.

3. Brev frå Nordhordaland regionaråd og kystkommunane i Sogn og Fjordane og Søre Sunnmøre v/arbeidsutvalet datert 26.01.09 vedk. "Prioriter Kystvegen Bergen – Ålesund."
4. Kopi av brev til Samferdselsdepartementet datert 12.01.09 vedk.: "Vidare støtte til gjennomføring av prosjektet "Ekspressbuss Vestlandet" for betre kollektivtransport i distrikta."
5. Notat frå Vest-Norsk Brusselkontor datert 06.02.09 vedk. "EU sin miljø og energipolitikk."
6. Brev frå Statsministerens kontor datert 18.12.08 vedk.: "Uttalelse frå Vestlandsrådet om vraket av U-864 og kvikksølvtrusselen."
7. Notat frå fylkesrådmannen datert 09.02.09 vedk.: "Det regionale handlingsrommet i kulturpolitikken."
8. Notat frå fylkesrådmannen datert 19.02.09 vedk.: "EU sin maritime politikk – oppfølging frå vedta i Vestlandsrådet."

Det skal snarast kallast inn til møte i nedsett politisk arbeidsgruppe for å følgje opp dette arbeidet.

9. Notat frå fylkesrådmannen datert 23.02.09 vedk. "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar –Årsrapport 2008."
10. Kopi av fellesuttalelse frå Landsdelsutvalget og Vestlandsrådet til EU-kommisjonen.
11. Notata frå fylkesrådmannen datert 02.02.09 vedk. "Forvaltningsreforma – Regionale forskingsfond."

